

Fra: Aldersvennlig Norge <AldersvennligNorge@helsedir.no>

Sendt: 18.09.2023 11:32:55

Emne: Eldrerådskurset 2024: tid og stad

Til postmottak: ber om at e-posten vert send vidare til kommunedirektør/fylkesdirektør, leiar i eldrerådet, medlemar i eldrerådet og sekretariatet for eldrerådet.

Eldrerådskurset 2024

Vi viser til brevet som vart sendt 22. juni 2023 med tilbod om opplæring for dei nye eldreråda.

No er tidspunkt og stad for dei regionale samlingane på plass: [Eldrerådskurset - tidspunkt og stad for dei fysiske samlingane i 2024](#).

Med venleg helsing

Senteret for et aldersvennlig Norge

Seks gode grunnar til å gjennomføre Eldrerådskurset

I 2060 vil kvar femte innbyggjar i Noreg ha fylt 70 år, og auken blir spesielt sterk i distrikta. Eldrerådskurset er eit **gratis** tilbod til alle kommunar, og kan styrkje elderråda i rolla si og den medverknaden dei har i utviklinga av aldersvennlege lokalsamfunn.



Gir auka kompetanse

Ved gjennomføring av Eldrerådskurset får deltakarane auka forståing for relevante lovverk, politiske målsetjingar og kommunale planprosessar. Dette hjelper elderråda å gi betre tilrådingar til kommunen – i tråd med utviklinga av eit aldersvennleg lokalsamfunn.

Sikrar eit mangfald av stemmer

Ei grunnleggjande opplæring av rådet sikrar at alle medlemmar, også dei med ikkje-politisk erfaring, blir betre rusta til å skjøtte rolla som talerøyr og brbyggjar mellom eldrebefolkninga og kommunen si administrative og politiske leiing.



Skapar nye nettverk

Deltakarane får høve til å byggje nettverk med andre elderråd, ekspertar og organisasjonar. Dette kan vere verdifullt for å utveksle erfaringar og idear, og inspirere til å prøve nye løysingar og skape endringar i eigen kommune.

[Seks gode grunner til å gjennomføre Eldrerådskurset](#)